



ENIVEST

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Postboks 93

4791 Lillesand

Sendt pr. e-post til: [firma\\$post@nkom.no](mailto:firma$post@nkom.no)

Eninvest AS

Postboks 123,

6801 Førde

Org. nr. 982 503 620

Tlf: 57 00 91 00

[eninvest.no](http://eninvest.no)

Førde, 12.05.2025

## Høyringssvar - Analyse av grossistmarknaden for tilgang til faste aksessnett av 24. mars 2025

Eninvest viser til tidlegare innspel i denne saka, og ønskjer med dette å gi overordna kommentarar til den oppdaterte marknadsanalysen frå Nkom.

Nkom konkluderer med at breibandsmarknaden tenderer i retning av berekraftig konkurranse, og at marknaden i hovudsak må vurderast som nasjonal. Dette er i samsvar med Eninvest sine tidlegare høyringssvar.

Eninvest vurderer det som positivt at Nkom har kome til denne konklusjonen, då både faktisk og potensiell konkurranse – i form av fiberoverbygging og auka grad av parallel kabla dekning, herunder også tilgang via fast trådløs breiband (FTB) – allereie bidreg til berekraftig konkurranse i breibandsmarknaden. I tillegg har fleire tilbydarar varsle at dei frivillig vil opne sine fibernett for grossisttilgang.

Av dei ni operatørane som Nkom i 2024 identifiserte som aktørar med sterkt marknadsstilling, har seks stadfesta at dei frivillig vil tilby grossisttilgang. Fem av desse operatørane deltek i Fiberhub, medan den sjette er Telenor.

Sjølv om marknaden no utviklar seg i retning av å vere nasjonal, peikar Nkom i analysen på at det framleis kan eksistere geografiske område med sterke lokale eller regionale aktørar med høge marknadsdelar som ikkje tilbyr grossisttilgang. Eninvest vil understreke viktigeita av at Nkom held fram med å gjennomføre særskilde analyser i slike område, utover dei ni operatørane som allereie er identifiserte med sterkt marknadsstilling i analysen frå 2024.

Det er i ferd med å bli etablert digitale marknadspllassar for tilgang mellom netteigarar og tilgangskjøparar, der Fiberhub og MyFiber er sentrale døme. Telenor har òg varsle modernisering av sitt grensesnitt for tilgangskjøparar. Eninvest deltek i Fiberhub, som nyttar standardiserte grensesnitt for å sikre effektiv og kompatibel kommunikasjon mellom system, programvare og einingar. For at grossistmarknaden skal fungere effektivt og rettferdig, meiner Eninvest det er avgjerande at slike plattformer baserast på felles, opne standardar, slik at alle aktørar får like føresetnader for å konkurrere når netta blir opna.



Opning av fibernet for grossisttilgang representerer ei betydeleg omstilling for mange netteigarar. Overgangen inneber krevjande endringar i etablerte forretningsmodellar og stiller krav til både organisasjon, infrastruktur og system, for å kunne tilby effektiv tilgang og møte ein ny, meir uforutsigbar konkurransesituasjon. Det er difor viktig at aktørane får tilstrekkeleg tid til å gjennomføre desse endringane med høg kvalitet.

Når marknadspllassane er etablerte og netta opna, vil det òg vere naudsynt med ei periode der bransjen får høve til å tilpasse seg den nye marknadssituasjonen. For å støtte opp under ein velfungerande og berekraftig marknad, er det viktig at rammene framover er stabile og føreseielege, slik at aktørane får utvikle og implementere dei beste løysingane for eit opent nett.

Enivest takkar for høvet til å komme med innspel, og stiller seg til disposisjon for å bidra med ytterlegare informasjon dersom Nkom skulle ønskje det.

Med vennleg helsing

Nandor Helgheim  
Administrerande direktør